

Dronninga på havet og verdas største cruiseskip, **Queen Mary 2**, imponerte tusenar av menneske då ho vitja Sunnmøre i juli i fjor. No er monarken på veg attende til den norske vestkysten – ein destinasjon som er ei dronning verdig!

EI DRONNING

vender tilbake

[GEIR ARNE SOLHEIM]

> 21.–22. juni lyt sunnmøringane rulle ut den raude løparen nok ein gong. Då får Geiranger, Hellesylt og Ålesund besøk av det største og mest spektakulære cruiseskipet som seglar på dei sju hav i dag. Med sine 345 meter og 23 etasjar får Queen Mary 2 Ålesund til å sjå ut som ein Legoland-miniatyr.

Ei storhending

I fjor var det knytt stor interesse til Queen Mary 2-besøket på Sunnmøre 15.–16. juli.

– Det er heilt spesielt å sjå Queen Mary 2 i Ålesund. Her får ein verkeleg inntrykk av dei store dimensjonane, seier Bente Saxon i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre.

I Ålesund var det heilt svart med folk då skipet kom siglande inn til byen.

– Skipet kom inn om kvelden i fjor, og folk strøymde til for å sjå det. Vi satsar på like stor interesse i år og arrangerer cruisedag med mange aktivitetar, fortel Saxon.

Historisk sus

Dronning Elizabeth, regjerande monark i England, døypte skipet under stor festivitas 8. januar i fjor.

– Eg døyper dette skipet Queen Mary 2. Måtte Gud velsigne det og alle som seglar med det, sa dronninga, før ho knuste den dyre champagneflaska, ei trelitersflaske «gul enkje», inn i skroget.

Den første transatlantiske overfarta gjekk frå Southampton i England til Fort Lauderdale i Florida, USA. Vi kan trygt seie at denne jomfruturen gjekk betre enn jomfruturen til Titanic, sjølv om reiarane i 1912 var like sikre på at skipet ikkje kunne søkke som Cunard er i dag.

Queen Mary 2 er ikkje noko typisk moderne skip, men er klassisk i sine former. Cunard kallar det heller ikkje eit skip, men ei «line». Det er med på å forsterke inntrykket av at Queen Mary 2 skal gje gamle Storbritannia tilbake litt av den tidlegare makta på havet. «Britannia rules the waves», heiter det, og det er nok ein gong ei sanning når det gjeld overdådig luksus og storleik. Vi kan bruke stikkorda

maksimalisme og eleganse for å skildre Queen Mary 2, som står fram som ein monark frå ei svunnen tid.

Konkurranse

Inne i båten finn ein mellom anna eit toetasjes teater, kasino, basketballbane, seks symjebasseng og barnerom med ekte, britiske «nannies». Du finn også verdas beste planetarium til sjøs, den største festsalen, det største biblioteket og det største vinrommet.

Men Queen Mary 2 må sole seg i glansen som størst medan det kan, for til neste år dukkar det opp noko endå større. Royal Caribbean Cruises held nemleg på å bygge skipet «Ultra Voyager» på Kværner Masa-Yards i Finland. Medan Queen Mary 2 har plass til imponerande 2620 passasjerar, skal Ultra Voyager kunne frakte heile 3600 reiselystne.

Men enn så lenge har ein høve til å sjå det største og mest eksklusive skipet i verda på Sunnmøre i juni. Queen Mary 2 kjem dessutan attende til Hellesylt og Geiranger 30. juli i år.

FAKTA > Queen Mary

Lengde: 345 meter
Breidde: 41 meter
Høgde (kjøl til skorstein): 72 meter
Bruttotonnasje: 150.000 tonn
Passasjerar: 2.620
Mannskap: 1.253
Toppfart: 30 knop
Hestekrefter: 157.000 HK
Motor: gassturbin/diesel
Pris: 800 millionar dollar

VISSTE DU AT...

...Queen Mary2 (QM2) er, med sine 345 meter, fem gongar lenger enn reieriet Cunard sitt første skip «Britannia», 34,5 meter lenger enn den originale Queen Mary, 45 meter lenger enn Eiffeltårnet er høgt, og er like lang som 41 dobbeltdekka Londonbussar? QM2 si skipsfløyte vil kunne høyrast 16 kilometer borte.